



Båtlagårs møtet vart halde i KV-lokala denne gongen

Rekneskapan til Uskedal Båtlag som vart lagt fram og fekk positive kommentarar under årsmøtet tysdag kveld synte ei driftsinntekt på 395 733 kroner. Den største posten var utleige av båtplassar til gjester med 102 241 kroner og årsleige frå medlemmar med 100 085 kroner. Utleige av båtplassar til personar utan fast plass gav ei inntekt på 68 730 og utleige av toalettbygget 40 000 kroner. Dugnad er ført opp med 23 500.og inntekt ved sal av båtplass 20 000.

På utgiftssida har vedlikehaldet kosta 46 556 kroner, lys og varme 28 106 og reinhald 20 431.

Utstyr til båthamna kom på 10 855 kroner og reparasjon og vedlikehald av bygningar og utstyr 21 804.

Styrehonorar er ført opp med 34 000 for 2011 og 10 900 for 2012. Forsikringspremien er like høg som vedlikehaldskostnadane med 46 376 kroner.

Av Ola Matti Mathisen